

Norsk sau- og geitalslag  
Postboks 2323, Solli  
0201 OSLO

Oslo, 8/7-1991

## R E F F E R A T

Telefonmøte i gjetarhundnemnda mandag den 17. juni kl 09.00.

Desse var med på møtet: Jon Sand  
Jon H. Sæther  
Arne Flatebø (sekretær)

Kjell Kristoffersen, Liv Oddny Hauen og Wenja Rui var ikkje til stades.

### Sakliste:

- 01/91 Innkalling og sakliste.
- 02/91 Referatsaker.
  - a. Gjetarhundprøver 1991
  - b. Referat frå NKK sitt representantskapsmøte den 27/4
  - c. Brev frå NKK dagsett 22/5
  - d. Brev frå NKK dagsett 30/5
  - e. Brev frå Ulvund Tekst & Forlag dagsett 14/3
  - f. Instruktørkurs i Finnmark 1. - 3. august
- 03/91 Reglar for gjetarhundprøver
- 04/91 Dommarinstruks
- 05/91 Uttaking til landskampen den 24. august
- 06/91 Eventuelt

### SAK 02/91 REFERATSAKER

- a. Gjetarhundprøver 1991
  - Vedlegg 02/91 a
- b. Referat frå NKK sitt representantskapsmøte den 27/4
  - Vedlegg 02/91 b
- c. Brev frå NKK dagsett 22/5

Vedlegg 02/91 c

d. Brev frå NKK dagsett 30/5

Vedlegg 02/91 d

e. Brev frå Ulvund Tekst & Forlag dagsett 14/3

Vedlegg 02/91 e

f. Instruktørkurs i Finnmark den 1. - 3. august

Referatsakene vart teke til etterretning.

**SAK 03/91 REGLAR FOR GJETARHUNDRØVER**

Eit revidert regelverk der momenta som blei nemnt på førige møte i nemnda var innarbeid, har vore ute til høyring i fylkesnemndene.

Det var full semje om endringsforslaga under punkt 1, 4, 28.3 og 28.4, medan forslaget om kryssdriving, punkt 21 og 28.5, viste seg å ha mindre tilslutnad enn det nemnda tidlegare hadde hatt inntykk av.

Svar frå nokre fylke kunne ikkje så enkelt grupperast i for eller mot, då dei delvis kom med eigne forslag, medan andre gjekk inn for forslaget under visse vilkår. Ei gruppe i Hedmark hadde sendt eigen uttale.

Tabellen under viser korleis fylkesnemndene var innstilt til forslaget om kryssdriving i NM:

Fylke	Svar motteke	Støttar forsl.	Går mot forsl.
Østfold			
Akershus			
Hedmark	4/3-91		X
Oppland	23/2-91	X	
Buskerud	5/3-91	X	
Vestfold			
Telemark	12/2-91	X (på vilkår)	
Aust-Agder			
Vest-Agder	26/2-91	X	
Rogaland	1/3-91		X
Hordaland	4/3-91		X
Sogn og Fjordane	4/3-91		X
Møre og Romsdal	4/3-91		X
Sør-Trøndelag	4/3-91		X

Nord-Trøndelag	18/3-91		X
Helgeland	4/2-91	X	
Nordre-Nordland	4/3-91		X
Troms	4/3-91		X
Finnmark	6/2-91	X	
-----			
Sum		6	9
-----			

**VEDTAK:**

Gjetarhundnemnda føreslår for styret i Nsg at reglane som galdt for gjetarhundprøvene i 1990 skal bli Norsk sau- og geitalslag sine nye "REGLAR FOR GJETARHUNDPRØVER", men med dei endringane som var føreslege i punkt 1, 4, 28.3 og 28.4 i det utsende høyringsbrevet den 22. januar 1991. Punkt 21 og 28.5 skal vere slik dei var i 1990.

**SAK 04/91 DOMMARINSTRUKS**

Jon Sand og Liv Oddny Hauen fekk på site møte i nemnda i oppdrag å kome med forslag til revidert dommarinstruks.

Dei endringane som var gjort i forhold til dommarinstruksen frå 1990, var nærast som ei presisering av det som stod.

**Vedtak:**

Det framlagde forslaget til dommarinstruks vart godkjend med berre små språklege justeringar.

Instruksen vert å sende alle dommarar og dommarelevar.

**SAK 05/91 UTTAKING TIL LANDSKAMPEN DEN 24. AUGUST**

På møte den 17. desember 90 vedtok gjetarhundnemnda at dei 10 beste hundane frå NM 1990 skal få tilbod om å representere Norge under landskampen mot Sverige den 24. august i Bohuslånd. Dei andre 5 plassane skal fordelast etter at uttakingsprøva på Kamben den 17. august er halden. Denne prøva er det meininga skal gje plass til 40 startande hundar.

**Vedtak:**

Etter at uttakingsprøva på Kamben, Golsfjellet den 17. august er avvikla skal dei 5 neste plassane og minst 3 reserveplasser takast ut.

**SAK 06/91 EVENTUELT**

**a) NM-91:**

Jon H. Sæther tar kontakt med arrangøren for å inspisere prøvearenaen og diskutere det praktiske med gjennomføringa av prøven.

**b) Instruktørkurs:**

Det skal i sommar haldast instruktørkurs i Møre og Romsdal (juli), Finnmark (1.-3. august) og Troms (4.-6. august). Liv Oddny Hauen har sagt seg villig til å ta på seg arbeidet som kursleiar og instruktør.